

### Fastløn som ideologi eller verkemiddel?

Diskusjonen om fastløn eller næringsdrift i fastlegepraksis er eldre enn dei fleste yrkesaktive kan hugse. Den har i vår dukka opp att etter at ein sterk auke i talet på fastlønsavtalar siste tre åra. Medan det tradisjonelt har vore berre 5–10% av fastlegane som har vore fastløna, er talet no 16%, ein auke på 250 legar på 3 år. Det er no over 800 legar med fastlønsavtale. I dei minste kommunane er 8 av 10 på fastløn, i største berre 1 av 20.

For kommunane er overgangen vesentleg grunngjeve som eit verkemiddel i rekruttering. Unge legar og ALIS-legane ønskjer fastløn, og det er denne gruppa av legar dei minste kommunane må rekruttere frå. Sikker inntekt, velferdsordningar og ingen usikker investering er dei vanlegaste og fullt ut forståelege argumenta frå legar i etableringsfasen, der valet av bustad og spesialitet kan vere usikkert.

Eldre fastlegar i byane har sikrare inntekt, til no ingen redsel for investeringa og dei hugsar dei dårlege fastlønstidene på 80- og 90-talet, før privatdrift verkeleg tok av.

Politiske part og aktørar i forvaltinga har i det siste tatt til orde for ei prinsipiell og delvis ideologisk begrunna overgang til fastløn i fastlegeordninga. Det finst opplagt argument for dette, som i resten av helsetenesta. HOD har likevel slått fast at næringsdrift framleis skal vere hovudmodellen. Legeforening har nok eit meir pragmatisk syn og ser på fastløn som eit verkemiddel for kommunar med rekrutteringsvanskar. Så lenge det er slik, vil fastløna nok også vere konkurransedyktig.

Kommunane må skaffe seg fastlegar, og inntil fastlegekrisa er under kontroll, trur eg fleire vil få stadig betre fastlønsavtalar. Før tidspresset er under kontroll og oppgåveavgrensing er på plass, lever fastlegeordninga farleg. Da er fastlønsavtalar eit forståeleg og risikodempande verkemiddel.

Steinar Hunskår

[steinar.hunskar@uib.no](mailto:steinar.hunskar@uib.no)

### Stipend frå AMFF

Allmennmedisinsk forskningsfond (AMFF) har hatt tildelingsmøte for eittårige stipend med oppstart hausten 2021. Fondet har om lag 15 millionar kroner å dele ut i året.

Denne gongen vart det god tildeling fra Bergensmiljøet:

**Jørgen Breivold**, fastlege i Hå, om utfordringar i portvaktrolla.

**Anneli Borge Hansen**, allmennlege i Bergen, om oppfølging av pasientar med depresjon.

**Anita Hunsager**, lege ved Bergen legevakt, om helsehjelp ved sjølvskadning.

**Kristian Myklevoll**, fastlege i Stord, om vaktlegens respons på alarm frå AMK.

**Sharline Riiser**, fastlege i Sogndal, om depresjonsomsorg i allmennpraksis.

**Stein Vabo**, fastlege i Vennesla, om konservativ bruddbehandling i allmennpraksis.

tillitsvalgt for fastlegene i Bergen siden 2011. Som ledd i dette tok han initiativ til og ledet Fastlegene pandemigruppe i Bergen i 2020.

### Ph.d. om effekt av tilsyn etter sepsis

Gunnar Husabø disputerte 11. mai 2021 for ph.d.-graden ved UiB med avhandlinga "External inspections of healthcare organizations".

Avhandlinga er del av eit prosjekt leia av Helsetilsynet, knytt til effektane av tilsyn med diagnostikk og behandling av sepsis i 24 norske akuttmottak i perioden 2016 – 2018. Målet med arbeidet har vore å finne ut om tilsyn kan føre til betre arbeidsprosessar i akuttmottak og betre helseutfall for pasientar med sepsis. Tre artiklar er basert på data frå gjennomgang av meir enn 7000 pasientjournalar, samt intervju med tilsette ved sjukehus og helsetilsyn.

Resultata syner at akuttmottaka ikkje alltid klarer å gjennomføre diagnostikk av sepsis i samsvar med tilrådde retningslinjer. Mange pasientar får forseinka oppstart av behandlinga, noko som har samanheng med manglar ved korleis det diagnostiske arbeidet blir utført. Etter tilsyn betra tida til diagnostikk og behandling seg merkbart. Også pasientane si liggetid på sjukehus og deira sjanse for å overleve betra seg, men det er ikkje klårt i kva grad denne endringa skuldast tilsyna åleine.

Gunnar Husabø (f. 1980) har mastergrad i statsvitenskap ved NTNU i 2006, og har vore tilsett som stipendiat ved Høgskulen på Vestlandet. Som stipendiat har han vore tilknytt Gruppe for helsetenesteforskning ved Fagområde for allmennmedisin. Hovudretteiar har vore Einar Hovlid og professor i allmennmedisin Gunnar Bondevik har vore medretteiar.

### SKIL sikret fast finansiering

Senter for kvalitet i legekontor (SKIL) ble etablert i 2013, eies av Legeforeningen, og har vært driftet med prosjektmidler. Fra neste år kommer SKIL som fast post på statsbudsjettet og skal omdannes til en stiftelse. SKIL holder til i Alrek helseklyngje ved UiB sammen med de andre allmennmedisinske miljøene der.

### Hetlevik ny professor i allmennmedisin

Øystein Hetlevik, førsteamannusis (50%) i allmennmedisin ved UiB og fastlege i Bergen, har etter søknad og nasjonal vurdering fått opprykk til professor. Hetlevik har lang fartstid som undervisar, helsetenesteforskar med vekt på fastlegeordninga, rettleiar for stipendiatar, samt erfaring frå stillingar i allmenn- og samfunnsmedisin. Han har mellom anna vore leiar for 11. semester i medisinstudiet ved UiB.

### Løvetannprisen til Knut-Arne Wensaas

Norsk foreining for allmennmedisin (NFA) deler hvert år ut Løvetannprisen til en allmennlege som har gjort en innsats for det allmennmedisinske faget. I år ble det delt ut pris for både 2019 og 2020. Prisen for 2019 ble tildelt Knut-Arne Wensaas, fastlege ved Kalfaret legesenter i Bergen og forsker ved AFE Bergen.

I 2011 tok han doktorgrad på *Giardia*-utbruddet i 2004, etter at han var fastlege i nedslagsfeltet. Doktorarbeidet var et av de første med støtte fra Allmennmedisinsk forskningsfond. Etter disputas har han fortsatt med kombinasjon som fastlege og forsker.

Wensaas har lenge deltatt i fagutvikling, eksempelvis har han vært styremedlem i NSAM, han leder NFA sin referansegruppe for gastroenterologi og referansegruppe for Nasjonal kompetansejeneste for funksjonelle mage-tarm-lidelser. Han har i tillegg til dette vært